



GUDSTENESTELITURGI, NYNORSK TRUSOPPLÆRINGSKONFERANSEN 2020 MEIR ENN ORD

SAMLING

Kort info om gudstenesta

I år får vi ikkje feira gudsteneste saman på ein felles konferanse. Men vi har valt å laga eit forslag til liturgi som vi vonar at de som samlast rundt omkring i landet, kan ha som eit utgangspunkt for ei lokal trusopplæringsgudsteneste. Liturgien finst på bokmål og nynorsk.

I tillegg finn de her to ressursar som de kan nytta dykk av: Herrens bøn på lulesamisk frå Samisk kyrkjeråd (lenkje) og ei forbøn på teiknspråkpoesi frå Døvekyrkja (lenkje).

Val av liturgisk musikk

Nytt gjerne denne anledninga til å verta kjende med den nye serien med liturgisk musikk, Allmenn serie 2. Denne er tenkt spesielt inn mot ungdomsarbeid, og kan fungera fint med berre orgel, men òg saman med fleire bandinstrument. Notar og forklaring finn du i noteheftet «Med samrøysta lovsong», som vart sendt ut åt alle kyrkjelydane i 2018. Les meir om Allmenn serie 2, og høyr innspelingar av dei ulike ledda, her: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/kirkemusikk/liturgisk-musikk-og-salmesong/>. Allmenn serie 2 inngår i dei nye gudstenestebøkene, som snarleg er tilgjengelege for alle kyrkjelydane.

Val av salmar

Det er fleire salmeforslag til gudstenesta. Vel den de synest passar best hjå dykk, eller noko heilt anna de vil syngja. Vi vil spesielt trekkja fram dei heilt nyskrivne salmane som nådde finalen i dåpssalmekonkurransen til Tunsberg bispedøme. Nytt gjerne anledninga til å verta kjende med vinnaren, «Kjære Gud, i dine hender», eller alle tre finalesalmane. Du finn dei her: <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/tunsberg/aktuelt/last%20ned%20finalesalmane%20her/>. Vi har på nesten alle Trusopplæringskonferansane sidan 2009 sunge salmen «Gud, ditt hjerte rommer hele verden». Dette har vorte konferansesalmen vår. Syng gjerne òg denne under gudstenesta, eller ein annan gong i løpet av dagen. Så samlast vi gjennom songen, sjølv om vi er kvar for oss. Du finn han i Kyrkjens digitale salmedatabase, eller her: https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/2018_temp/gud-ditt-hjerte-rommer-hele-verden/.

Trusopplæringskonferansen 2020

INNGANGSSALME

N13-538: Vi kommer til din kirke, Gud

N13-563: Når jord og himmel møtes her

N13-582: Milde Jesus, dine hender

NÅDEHELSING

L: I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande:
Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

A: **Amen.**

SAMLINGSBØN

L: Lat oss be.

Gud, her framfor andletet ditt samlar vi oss i ein evig augneblink, alle som har levd, lever og skal leve dette gåtefulle livet du har gitt oss.

Jesus Kristus, vi er her saman med alle som sannar ditt namn – ope, i det løynde, og med ord og språk berre du kjenner.

Heilage Ande! Vi prisar deg fordi du trassar dødskreftene og samlar oss.

Gud, vi bed. Amen.

© Erik Hillestad 2020

KYRIE (*Allmenn serie 2 – Mari Tesdal Hinze*)

Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.

Kriste eleison. Miskunna deg over oss.

Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.

GLORIA (*Allmenn serie 2 – Magnus Beite*)

L: Ære vere Gud i det høgste

A: **og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.**

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

Amen.

ORDET

LESING FRÅ DET GAMLE TESTAMENTET

L: Lat oss høyra Herrens ord.

Det står skrive hos profeten Jesaja i kapittel 58:

⁶ dette er fasta eg har valt:

å løysa urettferdige lenkjer,

sprengja banda i åket,

setja undertrykte fri

og å bryta kvart åk sund,

Trusopplæringskonferansen 2020

- ⁷ å dela ditt brød med svoltne
og la hjelpelause og heimlause koma i hus.
Du skal sjå til den nakne og kle han,
du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.
- ⁸ Då skal lyset renna for deg som morgonrøden,
brått skal du lækjast.
Di rettferd skal gå framfor deg
og Herrens herlegdom følgja etter deg.
- ⁹ Då skal du kalla, og Herren skal svara,
du skal ropa, og han skal seia: «Eg er her!»
Om du tek bort kvart åk hos deg,
ikkje peikar med fingrane og talar vondt,
- ¹⁰ om du gjev av ditt eige til den svoltne
og sjølv mettar den som lid naud,
då skal lyset ditt gå opp i mørkret,
natta di skal bli som høglys dag.
- ¹¹ Herren skal alltid leia deg
og metta sjela di i det tørre landet.
Han skal styrkja kroppen din
så du blir som ein vassrik hage,
ei kjelde der vatnet aldri sviktar.
- ¹² Dine gamle ruinar skal byggjast opp att,
du skal gjenreisa grunnmurar frå eldgamle slekter.
Du skal kallast
Den som murar att rivner,
Den som set i stand vegar
så folk kan bu der.

Slik lyder Herrens ord.

SALME

N13-207: Livet vant, dets navn er Jesus (halleluja-vers)

N13-621: Nå dekkes bordet

N13-650: Når vi undrast

N13-678: Vi rekker våre hender frem

N13-711: Del ditt brød med sulten bror

Trusopplæringskonferansen 2020

EVANGELIUM

Det står skrive i evangeliet etter Lukas i kapittel 14:

¹⁵ Ein av gjestene som høyrde dette, sa til han: «Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike.» ¹⁶ Men Jesus sa til han: «Det var ein mann som ville halda eit stort gjestebod og bad mange. ¹⁷ Då tida for gjestebodet kom, sende han tenaren sin i veg for å seia til dei bedne: ‘Kom, for no er alt ferdig!’ ¹⁸ Men dei kom med orsakingar, alle som ein. Den eine sa: ‘Eg har kjøpt eit jordstykke og må ut og sjå på det. Du må gjera vel og orsaka meg.’ ¹⁹ Ein annan sa: ‘Eg har kjøpt meg fem par oksar, og no skal eg av stad og prøva dei. Du må gjera vel og orsaka meg.’ ²⁰ Endå ein annan sa: ‘Eg har gift meg, difor kan eg ikkje koma.’ ²¹ Tenaren kom att og fortalde dette til herren sin. Då vart husherren sint og sa til han: ‘Gå straks ut på gater og torg i byen og hent inn fattige og uføre, blinde og lamme.’ ²² Tenaren kom att og sa: ‘Herre, eg har gjort som du sa, men det er enno rom.’ ²³ Då sa herren til tenaren: ‘Gå ut på vegane og stigane og nøyd folk til å koma inn, så huset mitt blir fullt. ²⁴ For det seier eg dykk: Ingen av dei som var bedne, skal få smaka festmåltidet mitt.’»

Slik lyder det heilage evangeliet.

PREIKE (lokal)

TRUVEDKJENNING

L: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

**A: Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
for ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
for opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.**

Trusopplæringskonferansen 2020

SALME

Gud, ditt hjerte rommer hele verden (Den digitale salmedatabasen. Eller på https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/2018_temp/gud-ditt-hjerte-rommer-hele-verden/)
Ny salme frå Dåpssalmekonkurransen i Tunsberg (sept. 2020). Se dei tre finalebidraga her: <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/tunsberg/aktuelt/last%20ned%20finalesalmene%20her/>. Vinnaren blei «Kjære Gud, i dine hender».

SYNDSVEDKJENNING

L. I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

**A: Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss.
Vi har synda mot deg og brote boda dine.
Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg,
verna om skaparverket og møta vår neste med kjærleik.**

FORBØN (forbøna kan utformast lokalt)

Ressurs frå Døvekyrkja: [Forbøn på tegnspråkpoesi](#)

L: Lat oss be for kyrkja og verda.

Lat oss be for folk og nasjonar på jorda:

A: Gud, skap i oss tru, håp og handling. Herre, høyr vår bøn.

L: Lat oss be for vårt land og folk:

A: Gud, skap i oss tru, håp og handling. Herre, høyr vår bøn.

L: Lat oss be for den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land:

A: Gud, skap i oss tru, håp og handling. Herre, høyr vår bøn.

L: Lat oss be for vår kyrkjelyd, familieane våre og staden der vi bur:

A: Gud, skap i oss tru, håp og handling. Herre, høyr vår bøn. Amen.

HERRENS BØN [Ressurs frå Samisk Kyrkjeråd: Herrens Bøn på lulesamisk](#)

Ved nattverd brukar ein ikkje Herrens bøn her.

L: Lat oss saman be den bøna Jesus lærte oss.

A: Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

NATTVERD

Dersom ein ynskjer nattverd, føreslår vi Nattverdsbøn d

OFFERTORIESALME

N13-543: Vi kommer til deg i bønn, du, vår Far

N13-564: Som barn i ditt hus

N13-618: Vi er et folk på vandring

N13-623: Ingen er for liten til å se Guds under

HELSING

L: Herren være med dykk.

A: Og med deg vere Herren.

L: Lyft dykkar hjarte.

A: Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L: Lat oss takka Herren vår Gud.

A: Det er verdig og rett.

PREFASJON

Vi prisar deg, evige Gud, du som har skapt verda og alt som er i henne. Det er i deg vi lever, rører oss og er til. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

SANCTUS (*Allmenn serie 2 - Torbjørn Dyrud*)

A: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

NATTVERDSBØN OG INNSTIFTING

L: Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei.

No bed vi deg: Lat din heilage Ande koma over brødet og vinen, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Trusopplæringskonferansen 2020

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Heilage Gud, fyll oss med din Ande. Gjev oss brennande hjarte, så vi i undring og glede tek vare på ordet ditt og viser miskunn mot den som lid. Bli hos oss, også når vi tvilar og sørgjer. Gå med oss, inntil sakn og smerte har vike for evig jubel og lovsong.

HERRENS BØN

A: Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

FREDSHELING

L: Guds fred vere med dykk.
M: Guds fred vere med deg.

AGNUS DEI (*Allmenn serie 2 - Tore Aas*)

A: Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.

L: Kom, for alt er gjort ferdig.

SALME/MUSIKK (lokalt valt)

ETTER UTDELINGA

L: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk.

Trusopplæringskonferansen 2020

TAKKEBØN

L: Lat oss takka og be.

Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg:

A: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjøve.

SENDING

SALME

N13-409: I dine hender, Fader blid

N13-532: Guds kirkes grunnvoll ene

N13-536: Guds menighet er jordens største under

N13-734: Guds kjærleik er som stranda og som graset

N13-854: No stig vår song

VELSIGNING

L: Lat oss prisa Herren.

A: Gud vere lova.

Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L: Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

A: Amen. Amen. Amen.

3x3 KLOKKESLAG

UTSENDING

Gå!

Gå med uro.

Gå no.

Hald ikkje opp med å gå ut av kyrkjerommet,
ut av freden og stilla,
ut i larmen og det vonde,
til latter og gråt.

Ber med deg det levande brødet du fekk her,
som ein skatt mellom hendene dine.

Del det ut igjen og igjen.

Alltid har du nok,
om du berre held fram med å bryte det.

Trusopplæringskonferansen 2020

Kom!

Hald ikkje opp med å koma tilbake til denne staden.

Kom aldri tomhendt.

Ta med deg ropet som vil fram på leppene.

Lat det få lyde her.

Ta med deg svolten som aldri vart stilt,

kampen som enno ikkje er vunnen.

Ta med deg ein som alltid har vore ditt medmenneske
utan at du visste det.

Her er møtestaden

i lyset frå Guds andlet.

© Hans-Olav Mørk 2020.

L: Gå i fred. Ten Herren med glede.

POSTLUDIUM